



Kommunereforma – regional ressursgruppe

Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland

Tidspunkt: 4. mai 2016 10.00-12.00

Medlemmer/deltaking:

Fylkesmannen	Magnhild M. Kleppa, Harald Thune, Lone M. Solheim, Jon Gunnar Skien, Anfinn Rosnes
KS	Janne Johnsen, Magne Fjell, Frode Ingvaldstad
Jærrådet	Anne Mari Braut Nese
Dalanerådet	Olav Hafstad
Ryfylkerådet	Bjørn Laugaland
Haugalandrådet	Forfall
Rogaland fylkeskommune	Trond Nerdal
Sandnes kommune	Tore Andreas Haaland, Sidsel Haugen
Stavanger kommune	Bjørg Tysdal Mo, Cecilie Bjelland, Kristine Hernes
Distriktsenteret	Anne Irene Myhr
NHO	Svein Olav Simonsen
LO	Øystein Langholm Hansen
IRIS	Einar Leknes

Møteleiar: Magnhild

Møtet starta med ei kort innleiing frå Fylkesmannen (FM), som ønskja spesielt velkommen til Anne Irene Myhr og Inge Ryan. Deltakarane presenterte seg.

Informasjon om Fylkesmannen sitt arbeid v/Anfinn Rosnes

Det blei orientert om status for arbeidet med reforma, og litt om status i kommunane. Fylkesmannen har vore på besök i 25 kommunar i januar og februar, der kommunereforma har vore på dagsorden. Det er send ut eit brev til alle kommunar datert 15.04.2016 om kva fylkesmannen ventar av kommunane fram mot endeleg vedtak. Det er også laga ei eiga momentliste. I brevet er det peika på at grensejustering er ei aktuell problemstilling kommunane må ta stilling til, og at her er fleire døme. Som eksempel blei det vist til diskusjonen på fastlandssida av Karmøy, der fylkesmannen har motteke sak om grensejustering.

Rosnes orienterte også kort om det nye inntektssystemet som nå en gjort kjent etter avtale mellom H, FRP og V. Bjerkreim og Bokn er dei kommunane i fylket om tapar mest når det gjeld basistilskot og småkommunetilskot, set i høve til dagens ordning. Det blei framheva at dei

økonomiske utfordringane dreier seg meir om andre faktorar, særleg gjeld dette reduksjon i skatteinngang. Aktuell informasjon ligg på FM si nettside.

Kva skjer med regionreforma

Fylkeskommunen v/Trond Nerdal orienterte om status i nabopratet regionalt. Fylkestinget har vedteke å gå i naboprat om ein vestlandsregion, samstundes er det presisert at det må kome nye oppgåver frå staten til regionane. Det er i arbeid ein intensjonsplan mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det blir felles møte mellom fylkesutvala i august. Planen er å behandle intensjonsplanen politisk i oktober, med endeleg vedtak i desember. Det er parallelt med dette ein dialog mot Agder. Alle fylkeskommunar er inviterte til høyring av Stortingsmelding 22 den 9. mai, der det vil kome tydelege innspel om nye oppgåver til regionane. Det er presisert at dagens regiongrenser ikkje må vere til hinder for ein god struktur, og at inndeling når det gjeld statelege etatar må følgje regioninndelinga. Nerdal peika på at det kan bli spanande å sjå kva responsen blir om Noregs andre og tredje største by-region skulle bli i same region.

Frå intensjonsavtale til vedtak

Anne Irene Myhr hadde nyttige innspel om det arbeidet kommunane står føre nå i sluttfasen, med gode eksempel frå andre regionar. Det er viktig å ha klare alternativ ved folkerøysting, og at informasjonen er god. På Distriktsenteret si heimeside kan du finne oversikt over alle folkeavstemmingar, og over kva det er stemt over. I fleire kommunar har det vore ein diskusjon om rådmannen si rolle i sluttfasen då kommunane skal gjere sine endelege vedtak t.d. om å stå aleine, der det blei vist til konkrete eksempel på at rådmenn har konkludert med at kommunen ikkje kan stå aleine på sikt. Nokon kommunar som ønskjer å slå seg saman med andre kan stå utan friarar. Resultatet av folkeavstemmingar kan gi det resultatet. Kommunar kan vedta at dei ikkje ser for seg å halde fram som eigen kommune, og ber Fylkesmannen i si tilråding om å ta omsyn til dette.

ProsesSEN i Trøndelag

Vi hadde besøk frå fylkesmannen i Nord-Trøndelag Inge Ryan som orienterte om dannninga av den nye Trøndelag-regionen, og litt om kommunereforma. Her var det å lokalisere deler av regionsenteret i Stenkjer nøkkelen til løysing. Han kunne opplyse at strukturen for fylkesmannen også vil bli som den nye regionen. Kommunereforma i Nord-Trøndelag liknar på prosessen i Rogaland. Det blir lite endringar i denne fase, men det er skapt grunnlag for større endringar på sikt.

Rapport frå regionråda/kommunar

Ane Mari Braut Nese orienterte om prosessen på Jæren, og opplyste at ho var overraska over kor klart nei det blei i Klepp. Det er stilt spørsmål til om det kan vere nokon som stemde nei fordi dei berre vil ha Time og Klepp med i ny kommune. Elles blei det vist til prosessen i Gjesdal og Sandnes.

Olav Hafstad orienterte om det som skjer i Dalane. Lund kommune har skrive avtale med Sokndal/Lund og med Flekkefjord, og skal folkeavstemming 30. mai. Eigersund og Sokndal skal ha innbyggarundersøking. Bjerkreim har nå ei spørjeundersøking om kva folket ønskjer - aleine, mot Dalane eller mot Gjesdal.

Bjørn Laugaland viste til siste nytt frå Ryfylke. Det er nyleg gjort ei spørjeundersøking i Suldal og Sauda der folket ikkje ønskjer endring i kommunestruktur. Forsand har dialog mot Sandnes og Gjesdal, og har også døra «på gløtt» mot Strand. Hjelmeland har fleirtal for ikkje å gå vidare med naboprat.

Frå Stavanger blei det vist til at Sola og Stavanger har lagt opp til e-val for førehandsrøysting. Rådmannen i Stavanger hadde innstilt på innbyggarundersøking. Det var ein del meiningsutveksling om dette med folkeavstemming, blei m.a. etterlyst at fylkesmannen skulle vore tydelegare her. Frå Sandnes blei det gjort greie for kvifor det ikkje er lagt opp til e-val.

Kommuneøkonomidag 31/5

Det blei informert om samlinga 31/5, der statsråd Sanner kjem og orienterer om det nye inntektssystemet og om status i kommunereforma. Påmelding på Fylkesmannen si nettside.

Open Post

Frode Ingvaldstad viste til utgreiing frå fylkesmannen i Buskerud som blei presentert 3. mai, der det er skissert ny kommunestruktur i fylket. Frå fylkesmannen i Rogaland blei det opplyst at dette opplegget ikkje er tenkt gjort her i fylket, men at det er under arbeid eit utfordringsdokumentet.

Neste møte i denne gruppa blir **onsdag 31. august kl 10:00-12:00**

Anfinn Rosnes - referent